

**Notat**Dato: 01.08.2019  
Arkivsak: 2018/14615-5  
Saksbehandlar: sarlund

---

**Til:** Utvalg for kultur, idrett og regional utvikling  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---

**Istandsettingsprogrammet Prosjekt Bryggen 2019 - fordeling av tilskot**

Prosjekt Bryggen er eit langsiktig istandsettingsprogram som skal bidra til sikring og istandsetting av verdsarvstaden Bryggen. Frå 2010 har Hordaland fylkeskommune hatt ansvar for å fordele delar av midlane til istandsetting, sikring og nokre fellesoppgåver. I sak 56/13, den 20.02.2013, vedtok Fylkesutvalet retningslinjer for tilskot, og ga fylkesrådmannen mynde til å fordele tilskot til tiltak i ordninga.

Finansiert gjennom årlege løyvingar frå statsbudsjettet, kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven. Riksantikvaren fordeler posten på dei åtte norske verdsarvstadene. Løyvingane varierer noko frå år til år. I 2019 fekk Bryggen kr 11 900 000, og kr 4 000 000 i førehandstilsegn for 2020. Tilskotsmidlane kan dekkja opptil 90 % av kostnadane, for tiltak på fundament opptil 100 %.

For 2019 var det totalt søkt om ca. 26,5 millionar, fordelt på 16 søknader frå to aktørar. Av desse fekk seks søknadar avslag fordi dei falt utanfor tilskotsordninga. For dei andre søknadene vart søknadsbeløpa i all hovudsak innvilga. Hovuddelen av tilskotsmidlane i 2019 er fordelt til dei to pågåande, fleirårige istandsettingsprosjekta i Svensgården og Bredsgården. Desse har òg fått førehandstilsegn for 2020, for å sikra kontinuitet i arbeidet. Som tidlegare år er det i tillegg gitt tilskot til materialbanken, til felles brannsikringstiltak og til felles driftsoppgåver.

**Tiltaka som har fått tilskot****PB-104 Svensgården bygning 4a og 5a**

Istandsettinga i Svensgården starta i 2006. Bygningane 4b, 4c, 4d og 5b er tidlegare sett i stand til «ferdig istandsett uavhengig av framtidig bruk». Hausten 2017 vart det for bygningane 4a og 5a utarbeidd alternative framdriftsplanar og metodar for istandsetting og sikring, kor tiltakshavars planar no hovudsakeleg er å sikre og legge til rette for bruk av bygningen. Det vil seie at bygningane blir sett i brukbar stand utan å gå vegen om full istandsetting. Strukturelt blir bygningane låst, der berre naudsynt istandsetting (t.d. bjelkelag og dels sutak) blir gjort, då i tråd med vanlege restaureringsprinsipp.

Dei planlagde arbeida i 2019 gjeld i både bygning 4a og 5a dører, trapper, vindauge, panel, passasje, sval, opplengjer, avstiving av vegger, komplettering av tak og golv, og reetablering av innvendige overflater.

**PB-109 Bredsgården bygning 1-2a, 2a og 2b:** Istandsettinga av bygningane 1-2a og 2a i Bredsgården vart starta i 2016, etter forprosjekt og forundersøkingar, og var planlagt å gå over tre og et halvt år, fram til juli 2019. Arbeidet er noko forsinka på grunn av sjukemeldingar. Tidleg i 2019 blei bygning 2a ferdig istandsatt, og alle rom er utleigd til ulike verksemder. Det står att ein del arbeid med bygning 1-2a, då det viste seg at arbeid med taket blei meir omfattande. I 2018 blei det òg gitt tilskot til forprosjekt og forundersøkingar samt

istandsetting for bygning 2b. Det blei bestemt å ta bygning 2b samtidig fordi den bygningsmessig heng saman med bygning 1-2a og 2a. Det er planlagt ferdig istandsetting av 2b i 2020, og det vil då førelegga ein samla sluttrapport for alle tre bygningane.

Planlagde tiltak i 2019:

Bygning 1-2a: mellom anna arbeid med takkonstruksjonen med tilhøyrande sløysar, reparasjon av laft, montere panelvegger og himlingspanel, reparere golv, reparere sval med plankevegg, produsere trapp, maling, tapet, produsere kledningsbord og supplere dårlig bord, vindauge, utgraving av passasje, bolverk, sprinkling og VA-arbeid, tilbakeføring av elkraftanlegg og VVS-installasjonar.

Bygning 2a: ferdigstilling av istandsetting og oppstart av sluttrapport.

Bygning 2b: mellom anna utskifting av bolverk i svalgangen, arbeid med laft, søyler, bjelkar, golv, remontering av interiør og tilbakeføring av overflater, tilbakeføring av 1700- og 1800-talsrom, reparasjon og tilpassing av dører og portalar, remontering og tilpassing av trapper, produksjon av kledning, remontering og malingsarbeid, arbeid med takkonstruksjonar, ark, vindehjul, sløysar, nedlaup og tekking med tradisjonell teglstein, tilbakeføring av elkraftanlegg og VVS-installasjonar.

#### PB-501 Felles driftsoppgåver

Felles driftsoppgåver som er å rekne som førebyggjande sikringstiltak: taksjekk og mindre utbetringar av tak, vakthald, straum i felles sprinklarrom, sprinklarkontroll og utbetringar etter FG-kontroll.

#### PB-502 Materialbanken

Husleige og tilhøyrande utgifter slik som straum, bruk av maskinelt utstyr, og drift av lageret. (Materialbanken er eit fjernlager for dei store materialmengdene som trengst til istandsettingsarbeida på Bryggen.)

#### PB-217 Utbetring av sprinklaranlegg

Naudsynte utbetringar av sprinklaranlegget

#### PB-205.1 Sprinklarrom

Etablere eit sprinklarrom i 3a i Enhjørningsgården

#### PB-110 Bygning 6-7b stolpehuset i Holmedalsgården

Det er gitt førehandstilsegn for 2020 til oppstart av istandsetting av bygningen, som mellom anna vil omfatte utbetring av beresystem og takkonstruksjon.

Sakshandsamarar: Sarah Wahlberg Lund, Erlend Hofstad og Roald Landøy.